

Postmottaket

Fra: Anne Kari Skogerbø [Anne.Kari.Skogerboe@Hjelmeland.kommune.no]
Sendt: 19. desember 2003 15:29
Til: Postmottaket
Emne: Uttale til forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket



uttale forskrift
miljøtiltak i...

Uttale frå Hjelmeland kommune.
Eg trudde me hadde sendt felles uttale om denne og forskrifta om skog, Difor
er denne uttalen her noko forseinka.

mvh
Anne Kari Skogerbø
fagkonsulent jordbruk

2003 02997 212

ASR/BS/TIN 486

**Bygdeutvikling
forvaltningsseksjonen**

Det kongelige landbruksdepartement
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

Løpenr.	Arkivsaksnr.	Arkivkode	Dykkar ref.	Dato
010088/03	03/01673-007	V10		19.12.2003

**HØRINGSUTTALE TIL UTKAST TIL FORSKRIFT OM TILSKUDD TIL
SPESIELLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET**

Hjelmeland areal- og forvaltningsutval handsama utkast til Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket 11.12.2003. Hjelmeland kommune stiller seg positiv til at tilskot og vedtak skal gjerast lokalt og med høve til å gjera prioriteringar og tilpassingar for kvar enkelt kommune. Intensjonane med forskrifta er såleis bra.

For Hjelmeland kommune meiner Rådmannen at den nye forskrifta legg for mykje vekt på miljø i forhold til kulturlandskap, ein viser då til §§ 1 og 5. Dette vil sjølvsagt varier lokalt, men difor er det også greitt at ein kan forvalte lovverket lokalt.

Utfordringar i Hjelmeland er å ta vare på, men ikkje minst synleggjere ein del av kulturlandskapet. Restaurering er viktig, men endå viktigare ser ein det er med rydding/hindring av attgroing av freda kulturminne og mange ferdsels/driftevegar som allmennheita (og snart også grunneigarane) ikkje lengre kjenner til.

Miljøutfordringane er mindre enn dei me ser for oss på kulturlandskapssida. Dette fordi vatn, elvar og andre vassdrag dei fleste stader har ei vegetasjonssone rundt, slik at dyrka jord ikkje ligg heilt i vasskanten.

I § 8 Er det i forslaget sagt at kommunen skal fastsette overordna retningslinjer for prioritering av søknader. Desse skal utarbeidast i dialog med fylkesmannen og næringsorganisasjonane lokalt. Rådmannen meiner det absolutt er eit stor poeng å engasjere næringa sjølv, men dersom forvaltninga skal delegerast lokalt meiner ein at kommunen også skal kunne utarbeide denne forskrifta utan at Fylkesmannen skal bestemme korleis denne vert endeleg utforma, forskrifta i seg sjølv er med å delegerer myndigheit, derfor må også forskrifta vere god noko til at kommunane sjølv skal kunne utarbeide sine egne retningslinjer.

Når det gjeld forskrifter og nytt tilskotsregime er det viktig at intensjonane om meir lokal styring og bruk av lokalpolitisk skjønn kan følgjast i praksis. Handlingsrommet må vera reelt, slik at det er mogleg å styra utviklinga både ved hjelp av politiske og økonomiske verkemidlar. Forslaget til forskrifter gir så mange føringar at dette vanskeleg kan gjerast.

Elles finn Rådmannen det merkeleg at Fylkesmannsembeta får tildelt midlar over tre budsjettpostar, medan kommunane skal få ein felles pott. Det heile vert endå meir uklart når desse midlane skal fordelast på to forskrifter. Det hadde vore meir ryddig å anten samle alt i ein pott eller dele midlane i samsvar med forskriftene gjennom heile forvaltninga. Det er også

Adresse:	Telefon:	Telefax:	Bankgiro:	E-post:
4130 Hjelmeland	51 75 70 00	51 75 70 72	3207 07 00750	postmottak@hjelmeland.kommune.no
	Direkte:			
	51 75 70 85			

viktig at kommunane får så store rammer at det vert mogleg å påverke aktiviteten og stimulere til kultur- og miljøtiltak i landbruket. Ei ordning som medfører meir byråkrati og lite midlar er ikkje tenleg for nokon partar.

Med helsing

Haldis Karine Nilsen
kommunesjef bygdeutvikling

Anne Kari Skogerbø
fagkonsulen landbruk